Landro skule
5363 Ågotnes
+47 55 09 78 90
Web: www.landroskule.no
Epost: landro.adm@oygarden.kommune.no

Referat frå møte i Skulemiljøutvalet (SMU) Og Samarbeidsutvalet (SU) ved Landro skule

Tidspunkt:	**Tysdag 28.04.26 kl. 17:30-19:30**	Stad:	**Landro skule**

Desse var kalla inn:	
Anita Bowitz	Foreldrerådet, leiar FAU
Emilie Lyssand Molland	Foreldrerådet, nestleiar FAU
Beate Heggernes	Undervisningspersonalet
Fredrik Øvstedal	Undervisningspersonalet
Monica H. Sæle	Andre tilsette
Morten Snekkevik	Kommunal representant, politisk (meldt forfall)
Anita Vabø	Kommunal representant, rektor

Sak nr.	
18-25/26	**Status og oppdatering frå Elevrådet** Thea og Amanda frå 7. trinn representerer Elevrådet, i samarbeid med Fredrik som elevrådskontakt. Dei starta med å gjennomgå ei elevoppgåve dei har jobba med den siste tida. Elevane ved alle skulane i Øygarden kommune har fått i oppgåve å jobbe med nokre viktige spørsmål om oppgåver, ansvar og trivsel. Elevane i 3.-7. klasse har først jobba med spørsmåla klassevis. Deretter har dei hatt ein prosess i Elevrådet og samanfatta svara. Dei har jobba med følgjande spørsmål: • Kva er dei vaksne si viktigaste oppgåve? • Korleis kan elevane passe på kvarandre? • Kva hjelp treng de frå foreldre og lærarar? • Plan for ein betre skule I møtet hadde vi gjennomgang av alle spørsmål og svar, og det er viktig at vi tek innspela og elevstemma på alvor i vidare arbeid. Som vedlegg til referatet finn de kva elevane ved Landro skule er opptekne av og svarar på dei ulike spørsmåla.

	Elles vart det informert om at Elevrådet for tida arrangerer kanonballturnering. Nytt i år er at det er blanda lag på tvers av trinna. I prosjekt «Snill e kult» har 5.-7. trinn hatt besøk i gymsalen og fått informasjon om prosjektet. Det har vore delt ut t-skjorter og ein har hatt fokus på «Snill e kult»-avtalen, som er ulike ting ein kan gjere for å ta godt vare på kvarandre i kvardagen. 2. juni skal 7. trinn få reise på besøk til Sartor bowling som ein del av prosjektet.
19-25/26	**Status og oppdatering frå FAU** Smarttelefonfribarndom: 29.04.26 går det ut ei undersøking til føresette for 1.-4. klasse. Tema er smarttelefon, og kartlegginga vil gi eit bilete på korleis FAU og skulen kan jobbe vidare med dette temaet. Både skulen og FAU er klar på at dei ordningane vi landar på etter kvart, vil vere heilt frivillig for dei som ønskjer det. FAU-representantar vil delta på orienteringsmøte for nye 1. trinn som vil bli gjennomført 04.06.26. Prosjekt Bestevakt: Det har vore ein positiv start på dette prosjektet. Besteforeldre som har prata og leika med elevane våre i storefri om onsdagen, og elevar som har vore nysgjerrige og sett stor pris på besøket.
20-25/26 (12-25/26)	**Ressurssituasjon skuleåret 2026-2027** Ressurstildelinga er framleis ikkje tilstrekkeleg med tanke på behova våre og forsvarleg drift neste skuleår. Dette gjeld elevbehov, og oppfølging knytt til helse og individuelt tilrettelagt opplæring (ITO). Rektor har sendt inn avvik på situasjonen, og ber om ekstern vurdering av ressurstildelinga, dersom ny tildeling blir vurdert som uforsvarleg. Skulen venter på tilbakemelding og oppfølgingsmøter knytt til avviket. Rektor sitt ansvar er å planlegge for forsvarleg drift, noko som også krev forsvarleg ressurstildeling.
21-25/26 (15-25/26)	**Fotografering** Vi drøfta fotografering neste skuleår. I SU landa vi på å vidareføre avtale med Reimers som fotograf. Tilbodet om fotografering vil bli utvida og gjelde for alle trinn. Det er også ønskjeleg å få på plass ein skulekatalog til hausten.
22-25/26 (16-25/26)	**Helsefremmande skule** Helsefremmande skule, er som tidlegare referert, ei satsing retta mot barneskulane i Øygarden kommune. Satsinga skal gi auka kompetanse hos elevar, føresette og tilsette ved skulen på samanhengen mellom fysisk aktivitet, smart mat og helse.

	Vi har sidan førre møte henta inn meir informasjon om satsinga, og ser at det er ein del kriterium som skal vere på plass før vi kan bli godkjent/sertifisert. SU er positiv til denne satsinga, men vi må bruke litt meir tid på å avgjere og planlegge om/når vi evt. kan delta i satsinga. Det er viktig å tenkje heilskap i dei satsingane vi har, og prioritere nok tid til at satsinga blir realistisk å gjennomføre
Referent: *Anita Vabø* *Rektor*	